



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Surnadal kommune
Bårdshaugvegen 1
6650 Surnadal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
BYGG-20/00007	30.01.2020	13157/2020/DISPENSASJON/1566	Johnny Loen, 71 28 02 43	25.02.2020

Surnadal kommune - etablering av Setergrytå kraftverk gbnr 10/1 - dispensasjon frå kommuneplan - fråsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Saka er behandla etter reglane om konsesjon etter vassdragslovgivinga, med utgreiingar tilhøyrande. Dispensasjon frå kommuneplanen er såleis ein pro forma sak og vi har ikkje merknader.

Automatisk freda kulturminner

Vi vurderer det i utgangspunktet til å vere lågt til middels potensial for automatisk freda kulturminne i området, men vi vil be om at ein viser aktsemd under opparbeiding av tiltaket. Ein bør særleg vere merksam på kulturminne som finst i skog og utmark, slik som tjærehjellar, jarnvinne, kolmiler, fangstanlegg m.m. Vi ber om at ein tek kontakt med oss dersom det skulle dukke opp noko som kan vere av arkeologisk interesse, jf § 8 i kulturminnelova.

Kulturminner frå nyare tid

Vi vurderer det som positivt at ein har greid å ta omsyn til den gamle dammen ved utløpet, og har ingen større merknader knytt til dette.

Nede ved hovudvegen er tiltaket lokalisert nær Den Trondhjemske postveg. Den gamle veglinja kryssar eidedomen, og det er også ei eldre bru over elva i denne linja. Brua er ei relativt moderne betongbru, med låg eigenverdi, men vi ber om at ein ved byggjetiltak og disponering av området tek omsyn til den gamle veglinja i detaljplanlegginga.

Konklusjon

Vi viser til merknader vedrørande kulturminne og ber om at det vert teke omsyn til desse i detaljplanlegginga.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
Kst. fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Fagsaksbehandler:

Automatisk freda kulturminne: Rådgivar Siv Aksdal, tlf. 71 28 03 36

Kulturminne frå nyare tid: Arkeolog/rådgivar Kristoffer Dahle, 71 28 03 29

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt

NVE

Fylkesmannen i Møre og Romsdal